



Overordna leseplan for barnehagane og skulane i Luster kommune



Forord

Dette er ein plan som skal vere forpliktande for alle barnehagane og grunnskulane i Luster kommune. Den skal sikre progresjon, heilskap og samanheng innanfor lesing i **alle fag**. Prinsippet om tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging ut frå elevane sin ståstad må prege arbeidet.

Alle sider ved opplæringa – lærestoff, arbeidsmåtar, organisering og læremiddel må ta omsyn til dette. Gode ferdigheiter i lesing dannar grunnlaget og er ein føresetnad for all anna læring. Lesing er ein av dei grunnleggjande dugleikane, og må implementerast i **alle fag** for at elevane skal bli gode lesarar.

Alle lærarar er leseleiarar.

Den **gode** lesaren kan utnytte bakgrunnskunnskap, er aktiv medan han les, snakkar og diskuterer det han les, les mykje på eige initiativ og ikkje minst vel ein høveleg lesestrategi. Den gode lesar må bli opplært til å verte kritisk til både kjelde og innhald, i bøker og på nett.

Ein lesestrategi er ein framgangsmåte for å lese på ein god og effektiv måte.

Hovudmål:

- Få barn og unge til å like å lese.
- Få barn og unge til å bli flinke til å lese og forstå det dei les.
- Alle lærarar skal vere gode leseleiarar i sine fag.
- Få foreldra bevisste og aktivt med i barna si leseutvikling.

For å få dette til må me:

- Starte så tidleg så mogleg med språkstimulering og skape interesse for bøker og lesing.
- Modellere lesestrategiane og læringsstrategiane for elevane.
- Ha god tilgang til variert litteratur og til bibliotek.
- Leggje til rette for kompetanseutvikling blant det pedagogiske personellet.
- Styrke samarbeidet mellom fagpersonar.
- Styrke samarbeidet mellom barnehage og barneskulen, og mellom 7. trinn og ungdomsskulen.
- Systematisere leseopplæringa, frå elevane startar og til dei går ut av grunnskulen.
- Systematisk bruke observasjonar, kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar i vurderingsarbeidet og fylgje godt opp dei som treng det.
- Ha nok ressursar i skulen, ikkje minst under grunnopplæringa.
- Ha nok ressursar til bibliotek.
- Utvikle eit godt samarbeid med foreldre på alle alderssteg.

Ein god og glad lesar

- har nøkkelen til all vidare læring
 - får gode leseopplevingar gjennom litteratur
 - opplever eigenverd og god sjølvkjensle
- For å kunne bli ein god nok lesar, er det viktig at eleven les fort nok og riktig, slik at barnet beheld leselysta.
 - For å lese teksting av ein film, må du lese litt over **100** ord i minuttet.
 - Ein 10-åring bør lese ca. **120** ord i minuttet.
 - Det skjer noko magisk når du kryssar **140** « ordminuttgrensa ».
 - Normalt lesetempo for ein vaksen er mellom **200 - 250** ord i minuttet.
 - To hovudgrunnar til å lese:

1) Å lese for å oppleve og å bli oppslukt.	2) Å lese for å lære.
• Å kose seg	• Å lære noko nytt
• Å slappe av	• Å forstå ei bruksanvisning
• Å oppleve	• Å lese ei oppskrift
• Å drøyme	• Å finne ei opplysning.
	• Å lese tabellar.

- Når ein skal lese for å lære, må ein lese teksten på ein annan måte enn når ein les for å få ei oppleving.
- Lese tekst for å følgje med i samfunnet.

(Henta frå «Leseveilederne» ved Bøleråsen skole)

Foreldremedverknad

Det er viktig at heim og barnehage/skule samarbeider for å gje ungene leselyst. Den vaksne er modell i alle situasjonar, gjennom innlæring av ulike metodar og lesestrategiar, og gjennom å motivere til lesing. Lesing må vere eit gjennomgåande tema på foreldremøte og utviklingsamtale. Foreldra si eiga interesse for lesing og skularbeid er ein viktig faktor for fagleg framgang og utvikling hjå eleven.

Generelle lesestimulerande tiltak:

- Høgtlesing av lærar/ bruk av lydbok.
- Aktiv bruk av folkebiblioteket.
- Klasesett frå fylkesbiblioteket.
- Leselyst 5. kl.
- Grip boka 6. kl.
- Presentasjon/ Anbefale bøker for kvarandre/ To elevar les same bok. Dei fortel kvarandre annakvart kapittel. Presenter boka for klassen saman etterpå.
- Faste stillelesingsøker
- Elevane skal vere trygge til å lese høgt.
- Lesekort (oppskrift) med felles mal for lesefasar: før, under og etter.
- Leselogg med kriterium.
- Føresette skal signere lesekort/leselogg eller vekeplan.
- Rettleia lesing
- STL – metoden (skrive seg til lesing): barnehage, 1. og 2. kl.
- Omgrepstrening

Spesielle lesestimulerande tiltak:

- Gje foreldre kunnskap om lesing og lesestrategiar på foreldremøtet om hausten.
- Lesekurs
- Leseveke
- Lesevake
- Lesekonkurranse
- Forfattarar, forfattarbesøk

Lesestrategiar:

- Repetert lesing, ekkolesing, korlesing, skumlesing, leitelesing, par – lesing, stafettlesing, nærlesing og scanning – oversikt.
- Lesefasar: før, under og etter

Læringsstrategiar:

Barnehagen: Bilete og overskrift

1. klasse: BO (bilete og overskrift), tankekart i alle fag.

2. klasse: BO (bilete og overskrift), tankekart, VØL – skjema.

3. klasse: BO, (bilete- og biletetekstar, overskrifter), tankekart, VØL- skjema

4. klasse: BO, (bilete- og biletetekstar, overskrifter), tankekart, nøkkelord, VØL – skjema, spørsmål til tekst.

5. – 7. klasse: BISON, nøkkelord, tankekart, VØL- skjema, samandrag, spørsmål til tekst, læresamtale, skrive den viktigaste setninga i avsnittet, litterær samtale, styrkenotat, venn-diagram

8. – 10. klasse: BISON, nøkkelord, tankekart, VØL- skjema, samandrag, spørsmål til tekst, attforteljing, litterær samtale – kva skjer vidare?, styrkenotat, venn-diagram

Lesing i alle fag

- Alle lærarar skal setje av tid til lesing i sine fag.
- Lærarane skal vere bevisste og bruke ulike lesestrategiar.
- Veksle mellom stillelesing og høgtlesing.
- Bruke dei læringsstrategiane elevane har lært.
- Utvikle ordforrådet i faga ved hjelp av varierte metodar.
- Jobbe med omgrepslæring.
- Faglærer er ansvarleg for nye faguttrykk i sitt fag og for samarbeid for å utvikle elevane sitt ordforråd over faggrensar.
- Fagord og andre viktige ord og omgrep skal arbeidast med munnleg/skriftleg ved hjelp av ulike læringsstrategiar.

Desse forfattarane skal elevane våre kjenne til:

Barnehagen:

- Anne Cath Vestly, Alf Prøysen, Torbjørn Egner og Astrid Lindgren

Etter 2. kl.:

-

Etter 4. kl.:

-

Etter 7. kl.:

-

Etter 10. kl:

-

Barnehagen

Mål:

- Skape eit miljø der barn og vaksne dagleg opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song, samtale, rim, rytme og språkleik på dialekt og nynorsk.
- Skal kunne lytte, halde felles fokus, gje respons i gjensidig samhandling med barn og vaksne.
- Utvikle vidare omgrepsforståing og bruke eit variert ordforråd.
- Bruke språket til å fortelje og uttrykke kjensler, ynskje og erfaringar.
- Få eit positivt forhold til tekst og bilete.
- Stimulere elevane til å bli nysgjerrige på skrivning og lesing.
- Bruke ord som forfattar og tittel på boka, og snakke om kva dei tydar.
- Ta i bruk orda bilete og overskrift, og bruke dei som ein fast lesestrategi når ein har høgtlesing.
- Bruke dialogisk lesing som ein metode.

ÅRSHJUL

Kva	Når	Ansvar	Oppfølging
Høgtlesing	Heile året.	Barnehagepersonalet og føresette.	Kriterium
Stillelesing Ungane kan sjå i bøker. Stimulering.	Heile året.	Barnehagepersonalet og føresette.	Kriterium
Bruk av biblioteket	Heile året.	Barnehagepersonalet og føresette.	Kriterium
Presentere ei bok	Heile året.	Ungen og føresette	Kriterium
Observasjonar	Heile året	Barnehagepersonalet	Kriterium
TRAS		Barnehagepersonalet og PPT.	På spes.ped born og andre born ein er usikker på utviklinga.
Analyse og tiltak			Ungar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Samtalar	2 gonger i året, haust og vår	Barnehagepersonalet, ungene og føresette	
Lesing som tema på foreldremøte.	Hausten	Barnehagepersonalet, folkebiblioteket og PPT	

Lage tekstar i fellesskap og lese desse.

Skrive seg til lesing (STL metoden) - PC

Forventningar til heimen:

- Lese høgt for borna, snakke om ord og innhald.
- Bruk lesekrteria - Snakke om bilete og overskrift. Kva trur du teksten handlar om?

1. trinn

Mål:

- Lytte og snakke i ulike samanhengar, der eleven skal lære og forstå gjennom å oppfatte, tolke og vurdere andre sine utsegn.
- Lytte, ta ordet etter tur og gje respons til andre i samtaler.
- Stimulere elevane til å verte leseklare og etter kvart knekke lesekode.
- Ta i bruk BO(bilete + overskrift) og lære å kunne bruke det som ein fast lesestrategi.
- Ta i bruk tankekart som ein læringsstrategi.
- Lære kva ordet leitelese tyder og bruke det som ein lesestrategi.

ÅRSHJUL

Kva	Når	Ansvar	Oppfølging
Høgtlesing	Heile året.	Kontaktlærer/ Klasseteam	Kriterium
Stillelesing	Heile året.	Kontaktlærer/ Klasseteam	Kriterium
Leselekser	Heile året.	Kontaktlærer og føresette	Kriterium
Bruk av skulebiblioteket	Heile året.	Kontaktlærer	
Lesesamtale m/ foreldre	Sept.	Kontaktlærer	
Carlsten	Sept. og feb.	Kontaktlærer	Styrking etter behov
Nasjonal kartleggingsprøve	April - mai	Kontaktlærer/ Klasseteam	Styrking etter behov
Analyse og tiltak i etterkant av lesetestane	Mai - Juni	Kontaktlærer/ Klasseteam	Styrking etter behov
Aski Raski	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.

Læreverk:

Zeppelin 1 A og 1 B elevbok og arbeidsbok frå Aschehoug forlag.

Hefte frå Arbeid med ord: Sol, måne, hane og ugle.

Lage tekstar i fellesskap og lese desse.

Skrive seg til lesing (STL)

Lettlesbøker frå Damms leseunivers.

Leseforståing 1 frå Gan Aschehoug

Forventningar til heimen:

- Lese leseleksa saman med borna og snakke om vanskelege ord.
- Lese høgt for borna og snakke om innhaldet.
- Bruk lesekrteria - Snakke om bilete og overskrift. Kva trur du teksten handlar om?
Førlesing.

2. trinn

Mål:

- Kunne lese enkle tekstar og svare på les- finn spm. og tenk- sjølv spm.
- Kunne bruke læringsstrategiane BO og tankekart.
- Ta i bruk VØL- skjema som ein læringsstrategi.
- Vite kva ordet leitelese tyder og bruke det bevisst som ein lesestrategi.
- Bli kjend med omgrepet nærlese.

ÅRSHJUL

Kva	Når	Ansvar	Oppfølging
Høgtlesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Stillelesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Leselekser	Heile året.	Kontaktlærer og føresette	Kriterium
Bruk av skulebiblioteket	Heile året.	Kontaktlærer	
Carlsten (leseforståing og lesefart)	Sept. og feb.	Kontaktlærer	Styrking etter behov
Nasjonal kartleggingsprøve	April - mai	Kontaktlærer/Klasseteam	Styrking etter behov
Analyse og tiltak i etterkant av lesetestane	Mai - juni	Kontaktlærer/Klasseteam	Styrking etter behov
Aski Raski	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Lesekurs	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.

Tilbod om lesekurs (Aski Raski) for dei som er på eller under kritisk grense (20 ord pr. min.) om våren.

Læreverk:

Zeppelin 2A og 2B elevbok og arbeidsbok frå Aschehoug forlag.

Vekeord 2 og Leseforståing 2 frå Gan Aschehoug.

Lettlesbøker frå Damms leseunivers.

Forventningar til heimen:

- Lese leseleksa saman med borna og snakke om vanskelege ord.
- Lese høgt for borna og snakke om innhaldet.
- Bruk lesekrteria - Snakke om bilete og overskrift. Kva trur du teksten handlar om?
- Førlesing

3. trinn

Mål:

- Kunne lese minst 40 ord pr. min. og ha mindre enn 2 feil i leseforståing (Carlsten).
- Kunne bruke læringsstrategiane BO, tankekart og VØL- skjema.
- Ta i bruk bilettekstar som læringsstrategi.
- Vite kva ordet leitelese tyder og bruke det bevisst som ein lesestrategi.
- Lære kva omgrepet nærlese tyder og bruke dei.

ÅRSHJUL

Kva	Når	Ansvar	Oppfølging
Høgtlesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Stillelesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Leselekser	Heile året.	Kontaktlærer og føresette	Kriterium
Bruk av skulebiblioteket	Heile året.	Kontaktlærer	
Carlsten	Sept. og feb. Registrere i Vokal	Kontaktlærer	Styrking etter behov
Nasjonal kartleggingsprøve	Mai	Kontaktlærer/Klasseteam	Styrking etter behov
Analyse og tiltak i etterkant av lesetestane	Mai - juni	Kontaktlærer/Klasseteam	Styrking etter behov
Aski Raski	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Lsekurs	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.

Tilbod om lesekurs for dei som er på eller under kritisk grense (25 ord pr. min.)

Læreverk:

Zeppelin 3 lesebok, språkbok og arbeidsbok frå Aschehoug forlag.

Vekeord 3 og Leseforståing 3 frå Gan Aschehoug.

Lettlesbøker frå Damms leseunivers.

Forventningar til heimen:

- Lese leseleksa saman med borna, snakke om vanskelege ord og innhaldet.
- Lese høgt for borna og snakke om innhaldet.
- Bruk lesekrteria - Snakke om bilete og overskrift. Kva trur du teksten handlar om?

4. trinn

Mål:

- Kunne lese minst 80 ord pr. min. og ha mindre enn 3 feil i forståing (Carlsten).
- Kunne bruke læringsstrategiane BO, tankekart, VØL- skjema og bilettekstar.
- Ta i bruk nøkkelord som læringsstrategi.
- Lære å lage spørsmål til tekst (les/finn spm. og tenk sjølv spm.)
- Vite kva orda leitelese og nærlese tyder og bruke det bevisst som lesestrategi.
- Bli kjend med omgrepet skumlese.

ÅRSHJUL

Kva	Når	Ansvar	Oppfølging
Høgtlesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Stillelesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Leselekser	Heile året.	Kontaktlærer og føresette	Kriterium
Bruk av skulebiblioteket	Heile året.	Kontaktlærer	
Carlsten	Sept. og feb. Registrere i Vokal	Kontaktlærer	Styrking etter behov
Analyse og tiltak i etterkant av lesetestane		Kontaktlærer/Klasseteam	Styrking etter behov
Aski Raski	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Lesekurs	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Øve til nasjonal prøve i 5. kl.	Heile året	Kontaktlærer/Klasseteam	Eksempelprøver 1 og 2 (gamle prøver-UDIR)

Tilbod om lesekurs for dei som er på eller under kritisk grense (50 ord pr. min.)

Læreverk:

Zeppelin 4 lesebok, språkbok og arbeidsbok frå Aschehoug forlag.

Vekeord 4 og Leseforståing 4 frå Gan Aschehoug.

Letlesbøker frå Damms leseunivers, klassesett frå fylkesbiblioteket.

Forventningar til heimen:

- Lese leseleksa saman med borna og snakke om vanskelege ord.
- Lese høgt for borna og snakke om innhaldet.
- Bruke lesecriteria.
- Bruk BO - Snakke om bilete og overskrift. Kva trur du teksten handlar om?

5. trinn

Mål:

- Kunne lese minst 120 ord pr. min. og ha mindre enn 4 feil i forståing (Carlsten).
- Kunne bruke læringsstrategiane BO, bilettekstar, tankekart, VØL- skjema og lage spørsmål til tekst (les/finn spm. og tenk sjølv spm.)
- Halde fram med nøkkelord og bruke styrkenotat for å organisere kunnskapen frå tankekartet.
- Ta i bruk læresamtale og BISON som ein læringsstrategi.
- Vite kva orda leitelese, skumlese og nærlese tyder og bruke det bevisst som lesestrategi i alle fag.

ÅRSHJUL

Kva	Når	Ansvar	Oppfølging
Høgtlesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Stillelesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Leselekser	Heile året.	Kontaktlærer og føresette	Kriterium
Bruk av skulebiblioteket	Heile året.	Kontaktlærer	
Carlsten	Sept. og feb. Registrere i Vokal	Kontaktlærer	Styrking etter behov
Analyse og tiltak i etterkant av lesetestane		Kontaktlærer/Klasseteam	Styrking etter behov
Aski Raski	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Lesekurs	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Nasjonal kartleggingsprøve	Hausten	Kontaktlærer/Klasseteam	Øve på eks.pr. 3 UDIR

Tilbod om lesekurs for dei som er på eller under kritisk grense (80 ord pr. min.)

Læreverk:

Zeppelin 5 lesebok, leseboka +, språkbok og arbeidsbok frå Aschehoug forlag.

Vekeord A (rettskriving) og Lesing i faga (lærabok) frå Gan Aschehoug.

Letlesbøker frå Damms leseunivers, klassesett frå fylkesbiblioteket.

Forventningar til heimen:

- Bruke lesekriteria «før du les», «mens du les» og «etter at du har lese» saman med barnet.
- Lese leseleksa saman med borna og snakke om vanskelege ord.
- Snakke om innhaldet.
- Høgtlesing

6. trinn

Mål:

- Kunne lese minst 140 ord pr. min. og ha mindre enn 4 feil i forståing (Carlsten).
- Kunne bruke læringsstrategiane BO, BISON, bilettekstar, tankekart, VØL- skjema, nøkkelord, lage påstandar og lage spørsmål til tekst (les/finn spm. og tenk sjølv spm.).
- Halde fram med læresamtale og bruke styrkenotat for å organisere kunnskapen frå tankekartet.
- Ta i bruk samandrag og venn-diagram som læringsstrategi.
- Vite kva orda leitelese, skumlese og nærlese tyder og bruke det bevisst som lesestrategi i alle fag.

ÅRSHJUL

Kva	Når	Ansvar	Oppfølging
Høgtlesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Stillelesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Leselekser	Heile året.	Kontaktlærer og føresette	Kriterium
Bruk av skulebiblioteket	Heile året.	Kontaktlærer	
Carlsten	Sept. og feb. Registrere i Vokal	Kontaktlærer	Styrking etter behov
Analyse og tiltak i etterkant av lesetestane		Kontaktlærer/Klasseteam	Styrking etter behov
Aski Raski	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Lesekurs	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.

Tilbod om lesekurs for dei som er på eller under kritisk grense (80 ord pr. min.)

Læreverk:

Zeppelin 6 lesebok, leseboka +, språkbok og arbeidsbok frå Aschehoug forlag.

Vekeord B (rettskriving) og Lesing i faga (lærabok) frå Gan Aschehoug.

Letlesbøker frå Damms leseunivers, klassesett frå fylkesbiblioteket.

Forventningar til heimen:

- Bruke lesekrteria «før du les», «mens du les» og «etter at du har lese» saman med barnet.
- Lese leseleksa saman med borna og snakke om vanskelege ord.
- Snakke om innhaldet.

7. trinn

Mål:

- Kunne lese minst 160 ord pr. min. og ha mindre enn 5 feil i forståing (Carlsten).
- Kunne bruke læringsstrategiane BO, BISON, bilettekstar, tankekart, VØL- skjema, nøkkelord, lage påstandar, læresamtale, lage spørsmål til tekst (les/finn spm. og tenk sjølv spm.) og etter kvart velja sin strategi.
- Halde fram med samandrag, venn-diagram og styrkenotat for å organisere kunnskapen frå tankekartet.
- Lære å lese tabellar og andre diagram, og henta info i fotnotar.
- Vite kva orda leitelese, skumlese og nærlese tyder og bruke det bevisst som lesestrategi i alle fag.

ÅRSHJUL

Kva	Når	Ansvar	Oppfølging
Høgtlesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Stillelesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Leselekser	Heile året.	Kontaktlærer og føresette	Kriterium
Bruk av skulebiblioteket	Heile året.	Kontaktlærer	
Carlsten	Sept. og feb. Registrere i Vokal	Kontaktlærer	Styrking etter behov
Analyse og tiltak i etterkant av lesetestane		Kontaktlærer/Klasseteam	Styrking etter behov
Aski Raski	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Lesekurs	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Øve til nasjonal prøve i 8. kl.	Heile året	Kontaktlærer/Klasseteam	Eksempelprøver 1 og 2 (UDIR)

Tilbod om lesekurs for dei som er på eller under kritisk grense (80 ord pr. min.)

Læreverk:

Zeppelin 7 lesebok, leseboka +, språkbok og arbeidsbok frå Aschehoug forlag.

Vekeord C (rettskriving) og Meir lesing i faga (lærabok) frå Gan Aschehoug.

Lettlesbøker frå Damms leseunivers, klassesett frå folkebiblioteket og fylkesbiblioteket.

Forventningar til heimen:

- Bruke lesekrteria «før du les», «mens du les» og «etter at du har lese» saman med barnet.
- Lese leseleksa saman med borna og snakke om vanskelege ord.
- Snakke om innhaldet.

8. trinn

Mål:

- Kunne lese minst 180 ord pr. min. og ha mindre enn feil i forståing (Carlsten).
- Kunne bruke læringsstrategiane BO, BISON, bilettekstar, tankekart, styrkenotat, venn-diagram, VØL- skjema, nøkkelord, samandrag, læresamtale og lage spørsmål til tekst (les/finn spm. og tenk sjølv spm.).
- Bruke attforteljing som ein læringsstrategi og ei utviding av VØL-skjemaet til VØSLE.
- Lære å lese tabellar og andre diagram, og henta info i fotnotar.
- Vite kva orda leitelese, skumlese og nærlese tyder og bruke det bevisst som lesestrategi i alle fag. Nytt omgrep elevane bør bli kjende med, er hurtiglesing.

ÅRSHJUL

Kva	Når	Ansvar	Oppfølging
Høgtlesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Stillelesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Leselekser	Heile året.	Kontaktlærer/Faglærer og føresette	Kriterium
Studieteknikk/ lesestrategiar	Hausten	Faglærarar	Kriterium
Bruk av skulebiblioteket	Heile året.	Kontaktlærer/Faglærer	
Carlsten	Sept. og feb. Registrere i Vokal	Kontaktlærer	Styrking etter behov
Analyse og tiltak i etterkant av lesetestane		Kontaktlærer/Klasseteam	Styrking etter behov
Aski Raski	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Lesekurs Pageturner - lesetreningsprogram	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Nasjonal kartleggingsprøve	Hausten	Kontaktlærer/Klasseteam/ Faglærer	Øve på eks.pr. 3 UDIR

Tilbod om lesekurs for dei som er på eller under kritisk grense (80 ord pr. min.)

Læreverk:

Frå Saga til CD, Fagbokforlaget.

Klassesett frå fylkesbiblioteket.

Forventningar til heimen:

- Motivere borna til å bruke lesekrteria før dei les, mens dei les og etter at dei har lese.
- Prate med borna om leselekser, snakke om vanskelege ord og uttrykk og innhaldet.
- Motivere borna til å lese skjønnlitteratur og faglitteratur.

9. trinn

Mål:

- Kunne lese minst 200 ord pr. min. og ha mindre enn feil i forståing (Carlsten).
- Kunne bruke læringsstrategiane BO,BISON, bilettekstar, tankekart, styrkenotat, venn-diagram, VØL- skjema, nøkkelord, samandrag, attforteljning, læresamtale og lage spørsmål til tekst (les/finn spm. og tenk sjølv spm.).
- Bruke ei utviding av VØL-skjemaet til VØSLE og foregripe i skjønnlitteratur – kva skjer vidare?
- Elevane skal kunne lese tabellar og andre diagram, og henta info i fotnotar.
- Vite kva orda leitelese, skumlese og nærlese tyder og bruke det bevisst som lesestrategi i alle fag. Elevane bør vere kjende med kva hurtiglesing er.

ÅRSHJUL

Kva	Når	Ansvar	Oppfølging
Høgtlesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Stillelesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Leselekser	Heile året.	Kontaktlærer/Faglærer og føresette	Kriterium
Studieteknikk/ lesestrategiar	Hausten	Faglærarar	Kriterium
Bruk av skulebiblioteket	Heile året.	Kontaktlærer	
Carlsten	Sept. og feb. Registrere i Vokal	Kontaktlærer	Styrking etter behov
Analyse og tiltak i etterkant av lesetestane		Kontaktlærer/Klasseteam	Styrking etter behov
Aski Raski	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Lesekurs Pageturner - lesetreningsprogram	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Nasjonal kartleggingsprøve	Hausten	Kontaktlærer/Klasseteam/ Faglærer	

Tilbod om lesekurs for dei som er på eller under kritisk grense (80 ord pr. min.)

Læreverk:

Frå Saga til CD, Fagbokforlaget.

Klassesett frå fylkesbiblioteket.

Forventningar til heimen:

- Motivere borna til å bruke lesekrteria før dei les, mens dei les og etter at dei har lese.
- Prate med borna om leselekser, snakke om vanskelege ord og uttrykk og innhaldet.
- Motivere borna til å lese skjønnlitteratur og faglitteratur.

10. trinn

Mål:

- Kunne lese minst 220 ord pr. min. og ha mindre enn feil i forståing (Carlsten).
- Kunne bruke læringsstrategiane BO, BISON, billettekstar, tankekart, styrkenotat, venn-diagram, VØL- skjema, nøkkelord, samandrag, attforteljing, læresamtale og lage spørsmål til tekst (les/finn spm. og tenk sjølv spm.).
- Bruke ei utviding av VØL-skjemaet til VØSLE og i skjønnlitteratur – kva skjer vidare?
- Vite kva orda leitelese, skumlese og nærlese tyder og bruke det bevisst som lesestrategi i alle fag. Elevane bør vere kjende med kva hurtiglesing er, og prøve å bruke det som ein lesestrategi.

ÅRSHJUL

Kva	Når	Ansvar	Oppfølging
Høgtlesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Stillelesing	Heile året.	Kontaktlærer/Klasseteam	Kriterium
Leselekser	Heile året.	Kontaktlærer/Faglærer og føresette	Kriterium
Studieteknikk/lesestrategiar	Hausten	Faglærarar	Kriterium
Bruk av skulebiblioteket	Heile året.	Kontaktlærer	
Carlsten	Sept. og feb. Registrere i Vokal	Kontaktlærer	Styrking etter behov
Analyse og tiltak i etterkant av lesetestane		Kontaktlærer/Klasseteam	Styrking etter behov
Aski Raski	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.
Lesekurs Pageturner - lesetreningsprogram	Haut/Vinter	Kontaktlærer Spesiallærer	Elevar som treng det, får intensiv oppfølging over ein periode.

Tilbod om lesekurs for dei som er på eller under kritisk grense (80 ord pr. min.)

Læreverk:

Frå Saga til CD, Fagbokforlaget.

Klassesett frå fylkesbiblioteket.

Forventningar til heimen:

- Motivere borna til å bruke lesekrteria før dei les, mens dei les og etter at dei har lese.
- Prate med borna om leselekser, snakke om vanskelege ord og uttrykk og innhaldet.
- Motivere borna til å lese skjønnlitteratur og faglitteratur.